

Himmel & hav

INFORMASJON 4. ÅRGANG / NR. 2 2026



Frå konfirmasjon til nye opplevingar

Eit steg vidare med fellesskap, læring og nye erfaringar.

SIDE 4





Annlaug Børve
Kyrkjevevje



Kvalitet som ber

Kvar dag skjer det små og store møte i kyrkjene våre. Ungdom som finn ein stad å høyre til. Eldre som får besøk når helsa sviktar. Frivillige som stiller opp og skaper liv og fellesskap. Det er kanskje ikkje alltid det som ropar høgast, men det er det som ber.

Når vi snakkar om lokalsamfunn, snakkar vi ofte om tenester, tilbod og prioriteringar. Det er nødvendig. Samstundes finst det ein annan dimensjon: det som gir mening, samhald og retning i kvardagen. Kyrkja er ein del av dette biletet.

Mykje av det som skjer, er bygd på frivillig innsats. Samstundes veit vi at kvalitet i tenestene krev tid til oppfølging frå tilsette, og rom for å utvikle gode tilbod: enten det gjeld ungdomsarbeid, møteplassar eller omsorg for dei som treng det mest.

I ei tid der ressursane er under press, er det naturleg å stille spørsmål ved korleis midlane blir brukte. Det er ein viktig og nødvendig samtale. Samstundes er det verdt å spørje: kva kostar det oss dersom kvaliteten forsvinn? Kva mister vi når møte-

plassane blir færre, og tilbodet blir smalare?

Kyrkja ønskjer å vere ein samarbeidspart i lokalsamfunnet – saman med kommunen, frivilligheita og alle som vil bidra til gode liv for menneske som bur her. Saman forvaltar vi noko av det viktigaste vi har: menneske sine liv, fellesskap og håp.

Kvalitet kostar. Men det gjer også det som går tapt når kvaliteten blir borte.

Utgjevar:

Øygarden kyrkjelege fellesråd

Ansvarleg redaktør:

Annlaug Børve, kyrkjevevje

Redaktør og grafisk utforming:

Yngvild Mørner Sørheim

Redaksjon:

Olai Otterå (Sund sokn), Harald Fylling (Fjell sokn), Øyvind Angelskår (Foldnes sokn), Alvhild V. Eide (Landro sokn), Katrine D. Olsen (Hjelme og Blomvåg sokn)

Framsidedeilete: LED-gjengen klatrer på kyrkjetårnet til Foldnes



Foto: Sunniva Hellesøy

Trykk: Aksell

Opplag: 4 nummer i året.

Frivillig kontingent:

350 kr i Øygarden, 400 kr utanbygds.

Takk for di støtte!

Bankkonto kyrkjeblad: 1503.84.37590

Vipps - kyrkjemagasinet Himmel&hav: 82511

Innleveringsfrist for annonsar, artiklar

og kunngjeringar til neste nummer av Himmel&hav: 19. juni

E-post redaksjon: ys487@kyrkja.no

Kontaktinformasjon

Øygarden kyrkjekontor,

Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i Temahuset

Telefon: 400 03 316

Ekspedisjonstid måndag, onsdag, fredag kl. 09.00–15.00

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettsider: www.kyrkja.no/oygarden

Kvifor får du Himmel&hav i postkassa di?

Magasinet blir lagt i alle postkassar i heile Øygarden. Det blir gjort fordi det blir rekna som informasjon, og ikkje reklame, i samsvar med Markedsføringsloven og Forbrukartilsynet si rettleiing for levering av uadressert reklame og aviser. Vi har dessverre ikkje høve til å trekkje ut adresser, så om du ikkje ønskjer bladet, ber vi deg om å sortere bladet i papirsøppelet. Bladet er trykt på resirkulerbart papir.

Innhald



- 04** Endeleg konfirmert
- 05** Refuel-weekend
- 06** 24 timar med bøn
- 07** Formiddagskoret Tidlause Tonar
- 08** Konsertar og arrangement
- 10** Kristuskransen
- 11** Kyrkja på omsorgssenteret

- 12** Påskemåltid
- 14** "Meininga med meg"
- 15** Kvifor feirar vi pinse?
- 16** Bursdagsfeiring for Foldnes kyrkje
- 18** Livets gang
- 19** Hjarterom
- 20** Barn og unge sine sider

- 22** T-dagsinvitasjon
- 23** Spor av Jesus i London
- 24** Smånytt
- 27** Vårmarknad
- 28** PåskeTweens
- 29** En natt med gaming og fellesskap
- 30** Gudstenester

Himmel&hav er eit gratis magasin med frivillig kontingent frå Den norske kyrkja i Øygarden; sokna Sund, Fjell, Foldnes, Landro og Hjelme og Blomvåg.



Endeleg konfirmert!

- men kva no?

Gjennom tre helger i april og mai har ungdommar, barn, vaksne og kyrkjer vore pynta til konfirmasjon. Over 360 ungdommar har vore gjennom konfirmantåret i dei ulike sokna. Det har vore undervisning, dei har deltatt på gudstenester, nokon har vore på leir, gått fasteaksjonen, løpt thailendløpet, og mykje meir!

Når konfirmanttida no er over, ønsker kyrkja framleis å tilby aktivitetar til ungdommen.

I midten av kommunen

Fjell, Foldnes og Landro tilbyr vi LED, eit leiartreningskurs der ein får lære meir om korleis ein kan vere ein god leiar. Dette skjer gjennom praktiske øvingar, teori, bibelundervisning, leir og praksis. Praksisen kan til dømes

vere å hjelpe til som leiar på ulike T-dagar. Ein samlast ein gong i månaden, et middag saman, i tillegg til at vi òg har noko teambuilding gjennom året. På slutten av året får ein eit leiarbevis som ein òg kan ha med på CV-en sin om ein ønskjer. LED er for alle som går i 10. klasse.

I tillegg har KFUK-KFUM både TenSing og gaming i Foldnes kyrkje på måndagar, som alle frå ungdomsskulealder og oppover er velkomne til å vere med på. Det er for deg som er glad i å syngje, spele instrument, game, eller berre vil vere sosial ein gong i veka.

Nyoppstarta LED i sør

I Sund sokn startar vi også opp med leiarkurs for dei som skal byrje i 10. klasse til hausten.

LED har samlingar ein torsdag i månaden, der lagar vi god mat saman og har ulike tema innan identitet, kommunikasjon og leiling. Det blir òg 1-2 overnattingsturar i løpet av året. Påmelding: www.kyrkja.no/sund/led

K2 nord i kommunen

I Hjelme og Blomvåg får konfirmantane tilbod om å bli med på K2 etter konfirmasjonen. K2 står for Konfirmant 2 og her samlast ungdomane til kveldssamlingar med bibelundervisning, mat og sosialt. Dei får i løpet av året tilbod om å delta på ulike turar og også på leirleiar kurs. Etter fullført leirleiar kurs, kan dei delta som hjelpeleiarar på leir på Skjergardsheimen. K2 går over til K2pp (K-topp) etter ungdomsskulen og tilbodet varer ut vidaregåande.



LED avslutning

I april var vi samla i Foldnes kyrkje til avslutning for ungdomane som har vore med på leiarkurset LED. Vi startar kvar samling med god mat før vi har undervisning. Denne dagen slutta vi av med klatring på veggan til kyrkjetårnet. Fleire kom seg til topps og eit par tok vegen ned med hovudet først! Til slutt fekk dei utdelt deltakarbevis og rose. Takk for eit fint år saman!

Refuel Weekend

Lovsong, talar, paintball, kafé, underhaldning, Thor Haavik, volleyball, konsert, bordtennis, gudsteneste, pizzatelt, bingo og nye vennskap på ei og same helg? Ja, det går faktisk an!

Den 10.-12. april vart ungdomsfestivalen Refuel Weekend arrangert for 11. gong i Hjeltefjorden arena på Rong. Ungdomsklubben Refuel er arrangør. I år deltok over 100 ungdomar heile helga, medan endå fleire var med på kveldane. Helga vart avslutta med familiegudsteneste og grilling søndag med 380 menneske i salen.





24 timar med bønn

17. mars vart det halde bønnedøgn i Blomvåg kyrkje. Frå midnatt til midnatt sat menneske i bønnerommet og bad for landet vårt, kommunen vår, kyrkjene våre og mykje meir.

Tekst og foto: Hogne Berland

Bakgrunnen for bønnedøgnet er den landsdekkjande bønne-stafetten «Hele Norge ber». Ulike kyrkjelydar og trussamfunn over heile Noreg går saman i bønn for landet. Den 17. mars var det Hjelme og Blomvåg sokn som hadde ansvar.

Det var laga i stand eit eige bønnerom for dei som hadde bønnevakt. Her var det mellom anna lagt fram salmebok, forslag til bønneemne og ei bok der ein kunne skrive inn eigne bønneemne. Det var 40 personar innoom dette rommet i løpet av eitt døgn. Ei av dei var Bjørg Fjeldstad. –Då eg høyrde at vår kyrkjelyd skulle ha eit opplegg i samband med

«Hele Norge ber», ville eg gjerne vera med. Me treng å samlast i bønn for land og folk! seier Bjørg. Ho syntes det var spesielt og godt å kome inn i kyrkja denne dagen. –Alt var lagt så godt til rette. Eg fekk ein varm velkomst i kyrkja og kunne vera med på bønnevandring bak i kyrkja, før eg vart vist til sjølve bønnerommet der me kunne vera i stillhet og bønn. Det var ei flott stund i kyrkja og eg tok med meg den gode kjensla resten av dagen, fortel ho.

Gjennom dagen var det også fleire samlingar i kyrkja. Det starta med morgonmesse med andakt, song og nattverd, og deretter fellesskap rundt frukost. Seinare

kom ein barnehage på besøk til kyrkja. På ettermiddagen vart det halde familiesamling med bønnevandring og lystenning. Ungdomsteamet framførte eit dramastykke for barna. På kvelden var det lovsongskveld.

Mange gav uttrykk for stor takksemnd over å få vere med. Også dei som tok bønnevakter midt på natta, opplevde dette som meningsfullt og godt. Fleire melde at vakta på ein time flaug av garde.

Bønne-stafetten held fram i andre kyrkjer i Noreg gjennom heile 2026.

Tidlausé Tonar i gang med vellukka oppstart

Det nye koret Tidlausé Tonar fekk ein god start då 13 songglade deltakarar møtte opp til første øving 15. april i Fjell kyrkje. Stemninga var prega av både forventning og glede, og det tok ikkje lang tid før rommet vart fylt av vakker korsong.



Tekst: Solveig Karoline Flekstad Vik
Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Repertoaret på den første øvinga var variert, med songar som «Edelweiss», «Sommarpsalm» og «Bridge over Troubled Water». Gjennom dette breie utvalet ønskjer koret å spegle ulike musikksmakar og leggje til rette for eit inkluderande fellesskap der mange kan kjenne seg heime.

Målet med Tidlausé Tonar er å vere ein møteplass der både det sosiale og det musikalske får blomstre. Her skal deltakarane få høve til å utvikle seg, samstundes som ein tek vare på den ekte songgleda.

Det gode frammøtet på første øving gir eit godt grunnlag for vegen vidare, og vi håpar at endå fleire vil byrja i koret i tida framover. Tidlausé Tonar rettar seg mot vaksne som har høve til å delta på dagtid, og som ønskjer eit uformelt og triveleg fellesskap rundt songen – enten dei har lang erfaring eller er nye i korsamanheng.

Med ein god start og eit variert repertoar ligg alt til rette for at Tidlausé Tonar kan bli eit fint kulturtilbod i kommunen. Koret blir dirigert av kantor Solveig Karoline F. Vik, og dei neste øvingane er 27. mai og 10. juni kl. 12.30-14.00 i kyrkjelydssalen i Fjell.

FRIVILLIG-LIVET



Hels på Gunnar Innerdal

Gunnar bur på Ebbesvikfjellet på Litle-Sotra og er aktiv i Foldnes kyrkje, særleg i musikkarbeidet. Han har spelt mykje på Hammond-orgelet det vart investert i for nokre år sidan, ofte saman med organist Aasmund Brekke og andre medspelarar i band.

–Det har vore både lærerikt og kjekt å bli kjent med dette nye instrumentet og denne måten å spele tangentar på, seier han. Det er ei stor glede å få spele både svingande og vakker musikk med og for kyrkjelyden!

–Har du andre frivillige engasjement?

–Eg er pianist for Gospelkoret Lokal vokal og nokre gonger vikarorganist på eiga hand ved gudstenester. Elles deltek eg som vara og nesten fast referent i soknerådet, og har søndagsring for dei eldste søndagsskuleborna nokre gonger i semesteret.

–Kva tenker du om vere frivillig?

–Frivillig teneste smakar meir enn det kostar. Det gir meining og glede, både for eigen og andres del.

Vil du vere med i det frivillige arbeidet i kyrkja?

**Ta kontakt med diakon/
-medarbeidar i di kyrkje, sjå s. 31.**

Jeg er en
seiler på
livets hav

En sommerkonsert
med gospelkoret
Lokal Vokal

Foldnes kyrkje
søndag 7. juni
kl. 19.30

Gratis inngang med
mulighet å gi en gave



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelme og Blomvåg sokn

Velkommen til ein spanande
Konsert
med mykje firehendig,
både på orgel, piano + flygel



Med orgelprofessor
Suzanne Z'Graggen
frå Sveits og kantor
Øystein Steinsland

Fredag 7. august
kl. 19.00
i Hjelme kyrkje
Billett kr 200

DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Øygarden

Fjell kyrkje tysdag
26. mai kl. 17.30

**Sommar-
konsert**



Med Fjell barnekor
og Landro barne-
og tweenskor



Øygarden kyrkjebrass har med seg Rune Landro på saksofon og Jarl Heggernes på flygel

Sommar-konsert

med brassmusikk, lett jazz og klassiske tonar

Fjell kyrkje

GRATIS INNGANG MED KOLLEKT

søndag
14. juni
kl. 19.00



Song- og musikkhelg

I BLOMVÅG KYRKJE

**Laurdag 23. mai
kl. 18**

Song og musikkveld ved Kjetil og Inger-Anita Olsen, som besøker oss for tredje gong.

Grilling i borggården etter samlinga.

**Søndag 24. mai
kl. 11**

Velkommen til song- og musikk gudsteneste!



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelme og Blomvåg sokn


VELKOMMEN TIL
Livets lys-gudsteneste
med påfølgande kveldsmat!

**Fredag 29. mai
kl. 18.00**
i Foldnes kyrkje

Arrangementet er tilrettelagt for menneske med ulike funksjonsvariasjonar og er oppe for alle.
Kolleks til Livets lys.

De ulike perlene
sin betydning:

1. Gudsperlen
2. Stillhetsperlen
3. Jeg-perlen
4. Dåpsperlen
5. Ørkenperlen
6. Gledesperlen
7. Kjærlighetsperlen
8. Hemmelighetsperlen
9. Nattens perle
10. Oppstandelsesperlen



Kristuskransen

- en perlekrans for bønn og meditasjon.

Tekst: Bente Madsen

Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Det var Martin Lønnebo, en svensk luthersk biskop, som skapte denne kransen med 18 perler i ulik størrelse og farge. Hver perle representerer en side ved livet, troen eller Jesus.

Kransen brukes ofte som et armbånd som en kan bruke i hverdagen til stillhet, bønn, hjelp til å leve nær Jesus og medmennesker.

Utsmykningskomiteen i Foldnes kirke fikk en ide om at det på mange måter kunne være fint å ha en kristuskrans på veggene i kyrkjelydssalen. Vi tenkte den både som en utsmykning, en gjenstand til ettertanke og et pedagogisk verktøy i forkynnelse og undervisning.

Det var mange tanker og ideer om hvordan vi skulle utforme kransen. Til slutt ble vi enige om å lage den

i glass og tre. Vi laget en modell som ble godkjent av sokneråd, fellesråd og biskop.

For å få blåst glass-perlene kontaktet vi glassblåser Beda Johansen. Hun syntes det var et utfordrende og spennende prosjekt. Gjennom tett samarbeid med henne, mange utkast og prøveperler klarte hun å lage alle perlene akkurat i de målene og fargene vi ønsket.

Firmaet Sotra Glass kuttet og tilpasset perlene og klargjorde de for montering.

Det var møbelsnekker Edvin Fields vi kontaktet for få laget treperlene. Han syntes også at det var spennende å få gjøre en så spesiell jobb. Han dreide hvileperlene nøyaktige og nydelige etter målene han hadde fått.

Til slutt monterte Leif Gunnar Madsen og Arvid Nese alle glassperlene og tre-perlene på en treplate før de monterte den opp på veggene.

Som utsmykning passer den godt sammen med de andre kunstgjenstandene i kirken, både i form, farge og materialer. Vi håper at kransen vil bli til glede og velsignelse. Basargruppen i Foldnes har finansiert hele prosjektet!

For å lære mer om Kristuskransen og om hvordan den kan brukes, vil «Forum for Tro og Tanke» invitere alle til en temakveld om dette emnet en tirsdagskveld i september (dato blir fastsatt senere). Vil du vite mer, kan du også finne mye info på nettet: www.bibel.no/kristuskransen



Kyrkja på Tednebakkane omsorgssenter

Kyrkja er til stades på sjukeheimar og omsorgssenter i kommunen. Nord i kommunen ligg Tednebakkane omsorgssenter. Kvar fjortande dag kjem kyrkja på besøk med andakt og song. Mange av bebuarane set stor pris på dette tilbudet.

Tekst og foto: Espen Tveten

Kyrkja er opptatt av at det skal vere lett stemning og kjende salmar. Det blir og tid til drøs både i forkant og etterkant av samlinga. Ein gong kvart semester er det tilbod om nattverd.

Når helsa byrjar å svikte, er det ikkje enkelt å kome på møte eller gudsteneste. Då er det viktig at kyrkja kjem dit folket er.

To av dei som fast kjem på andaktane er Laila Tveiten og Gunni Svellingen. Dei nyttar dagsenteret på Tednebakkane. Laila kjem opphavleg frå Narvik. –Eg er oppvaksen med kristne andaktar. Då eg vaks opp var pappa kyrkjetenar og eg sat alltid på første rad i kyrkja. Men no kjem eg meg ikkje lenger til kyrkja og difor likar eg veldig godt å komme på samlingane her. I dag song me

"Deg være ære", den songen likar eg veldig godt, fortel ho.

Gunni Svellingen har budd nesten heile livet på Hellesøy. –Det er noko trygt med at kyrkja kjem. Eg har og vore vant med å gå i ei kristen forsamling, men det vert mindre no. Difor kjem eg på desse andaktane. Eg er meir avhengig av trua no som helsa sviktar. Trua har ikkje vorte forandra med åra, men forsterka, seier Gunni.

Kyrkja er på sjukeheimar og omsorgssenter fordi det er viktig å ta på alvor dei åndelege behova til dei eldre. Språket kan vere svekka, minnet utrygt. Når mange opplever at dei kognitive evnene sviktar, er musikk, ritual og gjentakning viktig. Det skjer ofte noko rørende når dei kjende salmane kling i rommet. Nokon

syng av full hals, og for andre begynner munnane å bevege seg til tonane av «Den fyrste song» eller «Fager kveldsol smiler». Trua ser ut til å sitje i kroppen. Det mange lærde som barn og unge, ligg lagra på eit djupare plan, og kan vekkjast til live også seint i livet.

I tillegg til at Den norske kyrkja besøker Tednebakkane, kjem og INRI-kyrkja på besøk. Dei held til på Rong. I blant vert også prestane påkalla for å gje nattverd eller snakka med dei som ligg for døden.

Med desse samlingane får kyrkja vere ei viktig stemme med trøyst, håp og hjelp i kvardagen til mange eldre i kommunen.

Eit jødisk-kristent påskemåltid

Skjærtorsdag i kveldinga var kyrkjesalen i Landro fint dekkja og pynta til festmåltid, til påskemåltid med både song, bibellesingar og mat og drikke.



Tekst: Alvhild Vassel Eide
Foto: Dag-Olav Bjørøy

Odd Bjarne Skogestad med lang erfaring frå arbeid i Israels-misjonen, leia heile måltidet og batt saman dei ulike delane på ein lettfatteleg måte.

Eit jødisk-kristent påskemåltid har med ingrediensane frå Israels-folket si utferd frå Egypt og den kristne påske som fortel om Jesu død og oppstandelse.

Vi høyrde bibelstekstar både frå Det gamle og Det nye Testamentet om påske, vi song songar som fortel påsken sine

ulike hendingar og vi smakte på alle dei ulike rettane som høyrer med. Det var persille dyppa i saltvatn, det var usyra brød, bite urter, pepperrot og mursteinsdeig laga av revne eple, mandlar og kanel. –Dette er ikkje eit stille måltid, sa Skogestad, –vi kan prata og undra oss mens vi smakar på dei ulike rettane.

Innimellom drakk vi fire beger med druesaft: 1. Livets beger, 2. Frelsens beger, 3. Velsignelsens beger og 4. Håpets beger. Før kvart beger bad vi denne bønna

saman: «Velsignet være du, Herre vår Gud, universets konge, som skaper vintreets frukt.»

I jødane sin påske høyrer Salme 113–118 med. Vi las Salme 113 som veksellesing og høyrde Salme 114 opplesen. Dei resterande tre salmane vart vi oppfordra til å lesa då vi kom heim!

Kulturelle innslag høyrer også med, derfor gav kantor Eline oss eit stykke på orgel, mens vi venta på hovudmåltidet, velsmakande lammesteik med tilbehør.




Hovudretten vart avslutta med ei takkebønn i to ledd, der forsamlinga sitt svar var: Deg være ære i all evighet. Så song vi «Deg være ære, Herre over dødens makt.» Vi var komne til påskedagsmorgon og drakk det siste begeret med druesaft, «Håpets beger» mens vi alle sa: Til vårt håp! I år feirer vi påske her – neste år i det nye Jerusalem!»

Påskemåltidet vart avslutta med nattverd. Vi hadde vore med på eit måltid der alle sansane var i bruk!

Tusen takk til dykk som hadde førebudd og gjennomført ein tankevekkande og gjevande kveld: Odd Bjarne Skogestad og sokneprest Morten Torsvik med heile sitt hus!

Det må gjerne verta ein tradisjon!

VELKOMEN TIL DIAKONISPALTEN
Her vil vi presentere ulike tema som omhandlar diakoni i Øygarden.



Takksemd

Takk

- til deg som er medlem av Den norske kyrkja i Øygarden
- til deg som utfører teneste for kyrkja
- til deg som er medliturg, kyrkjevert, har ansvar for kyrkjekaffi og har eit ekstra auge for dei som er nye i kyrkjelyden
- til deg som kjem på gudsteneste
- til deg som er med på dei ulike tiltaka som blir arrangerte av kyrkja
- til deg som melder deg som frivillig medarbeidar på ulike arrangement
- til deg som les kyrkjebladet som kjem i postkassen og er takknemleg for det
- til deg som lar barna bli døypt i kyrkja
- til deg som blir konfirmert i kyrkja
- til deg som blir vigd i kyrkja
- til deg som har kyrkjeleg gravferd for dei som har gått bort
- til deg
- for deg

Utan deg hadde det vi ikkje hatt Den norske kyrkja i Øygarden.
Alt godt og rik velsigning!

Elevane har illustrert:
om skam hadde vore ein emoji



“Meininga med meg”

“Meininga med meg” er eit samtalemateriale for ungdom om følelsar og mening. Materialet gjev hjelp til å bli kjent med eigne og andre sine følelsar og å utforske mening i livet.

Tekst: Synnøve Elvina Engelsen

Dette materialet nyttar vi på “God nok”-samlingane i Landro. “God Nok” er eit samarbeid mellom Landro skule, kyrkja og skulehelsetenesta og kvar veke samlast 26 elevar frå 7. steg for både temasamtale, måltid og leik i kyrkja eller på skulen.

Samlingane er førebyggjande arbeid som styrker elevane si sjølvtilitt. Her får dei hjelp til å stå tryggare i seg sjølv når dei møter nye utfordringar i livet. Arbeidet vil gje elevane kunnskap og verktøy dei kan møte kvardagen sin med. Det som gjer “God Nok”-arbeidet så unikt er samtaleverktøyet “Meininga med meg” som gjev deltakarane høve til å reflektere og snakke om følelsar og mening.

Kva er meninga i livet? Kva er sakk? Kvar kjenner eg i kroppen at følelsen sorg sit?

Då vi snakka om følelsen skam måtte vi først snakke om kva skam er. Når kjenner ein på skam? Er skam noko eg vert påført eller er det eg sjølv som gjev meg denne følelsen. Kvifor opplever eg skam i ulike situasjonar? Kva er ok-skam og kva er det ikkje?

“Meininga med meg” er eit verktøy der ungdommen får eit språk for ulike følelsar, der dei kan sette ord på kva dei kjenner. Både fortelje dette til seg sjølv, men også kunne formidle til andre kva dei kjenner på. Om vi ikkje har ord for følelsar kan det

vere vanskeleg å formidle korleis vi har det. Vi snakkar også om kvar i kroppen vi kjenner dei ulike følelsane, magen, halsen og ryggen. “Eg kjenner det i nasen for då er det eit teikn på at det kjem tårer”. Vi har fått mange gode samtaler rundt dei ulike tema og opplever at det både styrker og førebygger den psykiske helsa til elevane.

“Meininga med meg” er utvikla av den svenske psykologi-professoren Christina Lloyd saman med den Svenske kyrkja. Det er livssynssope, men kan opne opp for samtalar om tru, mening og eksistensielle spørsmål der deltakar og leiar kan undre seg saman.

Kvifor feirer vi pinse?

Vi har feira jul og ganske nyleg påske. Dei høgtidene er ganske lett å forklara for dei fleste, men det er verre med pinsa som snart står for døra. Det er ikkje lett å få tak på kva som skjedde på pinsedagen i Jerusalem – og heller ikkje kvifor. Lat meg prøva med ei forklaring.

Tekst: Harald Fylling

Illustrasjon: Lars Tothammer

Vi er vant med frå nyheits-sendingar eller når noko skal formidlast, så treng vi ekspertar som kan formidla det på ein truverdig måte. Det same gjeld når det skal formidlast kva den kristne trua går ut på. Det som skjedde med Jesus, er vanskeleg å forstå – at ein «vanleg mann» var noko meir. Kvifor blei Han sendt til jord? Og kvifor måtte Han døy på eit kors? Dette siste skjønnte dei 12 disiplane til Jesus lite av. Dei var forvirra og redde og trudde at heile Jesu prosjekt gjekk i vasken då Han blei tatt til fange og drept.

Dette visste Jesus. Disiplane hans trong hjelp til å forstå og kraft til å bringa evangeliet vidare. Difor lova Han å senda ein Talsmann, Den heilage Ande, til dei. Ein ekspert på dei «himmelske ting». I sin avskjedstale til sine vener sa Meisteren: «Enno har eg mykje å seia dykk, men de kan ikkje bera det no. Men når han kjem, Sanningsanden, skal han leia dykk fram til heile sanninga....Han skal ta av mitt, og forkynna det for dykk». Dette skjedde på den første pinsedagen som kom 50 dagar etter påske. Mens disiplane var samla, kom det brått ein sterk vind, og tungar av eld sette seg på hovuda deira. Då fekk dei Den



heilage Ande – Talsmannen – som Jesus hadde lova. Dermed blei dei redde og feige disiplane forvandla til frimodige og djerve vitne om det som hadde skjedd med Jesus. Dei blei utrusta med «kraft frå det høge», og dei sto fram med stort frimod og forkynte om Guds storverk.

Pinse blir kalla for kyrkja sin fødselsdag. Det var då det heile starta ved at 3000 menneske blei døypte på ein dag. Tenk, 3000 på ein dag – av berre 12 disiplar! Det var ein pangstart! Og dermed var den første kristne kyrkjelyden etablert i Jerusalem.

Det som skjedde på pinsedag, var ikkje berre for dei 12 apostlane, men for alle som trur til alle tider. Vi trur at Gud gjev oss Den heilage Ande i dåpen. Dermed har alle kristne fått Den heilage Ande - som har tre oppgåver:

1. Å skapa tru i oss og halda oss fast i trua.
2. Å peika på Jesus for oss og forklara kva Han har gjort og gjer for oss.
3. Å utrusta alle kristne med kraft og nådegåver til å vera vitne for andre i ord og gjerning.

Då Jesus kom til jord, skapte Han begeistring og tru hos mange og ein trong til å fortelja dette vidare. Hadde vi ikkje hatt pinse, ville kanskje nyheita om Jesus ikkje blitt spreidd vidare, og kristendommen kunne døydd ut etter 2-3 generasjonar. Men no er evangeliet spreidd til heile verda, og stadig nye menneske deltar i dette!

I Foldnes kyrkje samlast mange regelmessig – 2000 år etterpå – for å dela fellesskap og læra meir om Gud. Det er eit sikkert teikn på at Den heilage Ande fortsatt er verksam. For når vi høyrer eller les Guds ord i Bibelen, er alltid Anden i arbeid for å gjera Ordet forståeleg og levande for oss. Difor er Den heilage Ande viktig. Og difor feirer vi pinse!



Ei kyrkje for alle dagar

40 år med liv og fellesskap, 25 år med kyrkjebygg. Foldnes kyrkje vart feira med forteljningar, bursdagssong og kakebord.

Tekst og foto: Yngvild Mørner Sørheim

Ein fanfare sette ein høgtideleg start på jubileumsfeiringa, før gospelkoret Lokal Vokal fylte rommet med liv og glede gjennom to opningssonga. Dei runda også av til slutt med inspirerande korsong. Alt låg til rette for ei feiring prega av både takksam, ettertanke og begeistring.

Takksemd, stoltheit og begeistring

Bente Madsen løfta fram historia til kyrkjelyden, som gjennom 40 år har hatt tilhald i ulike lokale før ho fann heim i dagens kyrkjebygg. Ho peika på kor viktig nettopp bygget er, ikkje berre som ein stad, men som ein arena for alt som skjer i kyrkja kvar veke.

Ho samla bodskapen i tre ord: takksemd, stoltheit og begeistring. Takksemd for eit bygg som opnar for eit rikt mangfald av aktivitetar. Stoltheit over alt som er skapt gjennom trufast arbeid. Og begeistring, eit håp om at fleire skal bli inspirerte til å vere med. For dette er ei kyrkje i bruk: over 1100 menneske er innom i løpet av ei vanleg veke. Ei kyrkje for alle dagar.

Med to nye prestar på plass er det òg ekstra grunn til å sjå framover med forventning. Samstundes vart ei velkjend utfordring nemnd: tid. Tid til å sjå kvarandre, tid til å vere til stades, midt i eit aktivt kyrkjeliv.

Eit bygg med bodskap

Harald Fylling tok oss med på ei vandring gjennom kyrkjebygget, og tankane bak det. Arkitekturen ber på symbolikk: Parkeringsplassen ligg eit stykke unna, slik at ein må gå rundt kyrkja før ein kjem inn, som ei pilgrimsvandring. Dei tolv søylene i bygget peikar mot apostlane, og lampene heng i grupper på tre, som eit bilete på treeininga.

Samtidig ber bygget preg av levd liv. Dei strøknede flatene i inventaret vert brotne av røffe kantar og merker, som sår i treverket. Ei påminning om at livet ikkje er perfekt, og at kyrkja er til for



menneske med heile liv, på godt og vondt.

Utsmykkingskomiteen arbeider vidare med å forme kyrkjerommet. Planar for tekstilar, fargar og materialar tek form, mykje takka vere innsatsen frå basargruppa. Detaljane er gjennomtenkte: den sjuarma lysestaken, forma som ei krone, eit nytt lysfat i stål inspirert av den åttekanta døypefonten. Altervasane er laga av knust glas frå Ukraina. Glaset vart farga og blåst på nytt i Egypt. Dei kan vitne om håp og nytt liv. Sjølv små ting, som ei spesiell stålugga etter at dåpsmugga vart knust, fortel historiar om omsorg og vilje til å halde fram.

Menneska i kyrkja

Audun Pedersen gav stemme til fleire av dei som fyller kyrkja med liv i kvardagen. Gjennom korte glimt fekk vi høyre frå tilsette og frivillige om aktivitetane dei står i, og kva desse kan bety for enkeltmenneske.

Mangfaldet er stort: søndagsskule fleire gonger i månaden, Knøtte-treff med leik, song og kveldsmat, og ei engasjert gruppe med gudstenesteungdom, som nyleg var på tur til London. KFUK-KFUM, fyller kyrkja kvar måndag med aktivitetar ungdomane sjølv er med og formar. Her er det alt frå måltidsfellesskap til arrangement som vestlanLAN.

Fellesskapet lever også i dei etablerte gruppene. Mannsgruppa samlar menn til samtale, foredrag, tru og song rundt langbordet. Basargruppa tilbyr eit varmt og uformelt fellesskap med handarbeid, prat og enkle måltid, open for alle.

Til hausten ventar fleire jubileum, mellom anna 20 år med T-dagen og 30 år med mannsgruppa. Det minner oss om at historia held fram, og at nye menneske stadig finn vegen inn.

Orgelet – eit heilt univers

Aasmund Brekke fekk fortelje om orgelet, det store blåse-instrumentet som nærast er ein del av sjølv kyrkjeveggen. Han viste fram korleis tonane vert til, og gav ei lita innføring i tangentar, pedalbruk og dei ulike uttrekka som formar lydbiletet. Det gav mange eit nytt blick på instrumentet som så ofte ber songen i kyrkjerommet.

Organisten stemte i, og saman song heile kyrkjelyden bursdags-songen for kyrkja, med høg røyst.

Festleg avslutning

Etter programmet vart alle inviterte vidare til kyrkjelydssalen, som var pynta til fest med flagg og ballongar. Der venta bollar, kaker, iskaker, kaffi og brus, og god tid til prat og fellesskap.

Framtida for Foldnes kyrkje ser lys ut. Tala aukar, men viktigare: menneske kjem, deltek og finn ein plass. Dørene står opne, og det er alltid rom for fleire.



LIVETS GANG

2. februar - 26. april

DØYPTE

Kausland kyrkje

Kaja Thomas
Vinnie Øvretveit Eriksen
Alida Espeseth Håvardstun
Emil Bjørøy Thomassen
Tonje Kjøndal Boska
Isabelle Refvik
Alexandra Therese Busomoke
Agnes Marie Glesnes-Åndahl
Sindre Magnus Rasmussen
Tyrian Berge-Asheim

Sund kyrkje

Tyra Kleppevik Fløtberget
Leon Olai Engeseth
Teo Forland Blatancic
Johanne Loftheim Fjeld
Niam Nassor Nygård
Max Jacob Brenna-Brodahl
Mariell Rasmussen
Oskar Birkenes Iversen

Fjell kyrkje

Isabella Straumøy
Aron Matheo Høgøy-Schjørn
Anton Imanuel Apelthun Emblem
Edmund Håkonsund
Astrid Guddal
August Braun-Kongsvik
Pernille Behrens Lie
Jonas Norheim Ekerhovd
Sunniva Karin Øvstegaard Justad
Magnus Kallestad Sørnes
Gabriel René B. R. Bergesen
Ludvig Toft Angeltveit
Eduardo Tela Fauske
Christoffer Fjæren Gjertsen
Adrian Grønland Blænes
Aleah Heggelund Lurås
Lilly Rå
Storm Weiseth Skaar
Sanna Nakken Helle
Alora Hla Langeland
Max Vetaas Neteland
Kristian Waardal-Stensholt Granum
Alva Skar Dvergsdal
Elias Alsaker
Viktor Gjellestad

Magnus Haugsdal
Filippa Ebbesvik Kleveland
Leah Romarheim
Henrik Evans Straume

Foldnes kyrkje

Benjamin Suphellen
Aksel Mo
Hedda Trones Prestegård
Herman Gåsland Osebakken
Theodor Mikanik
Even Kristoffer Gjøsether
Vilde Nikolaisen Totland
Nora Hansine Ahlfors
Caspian Ødegaard Glomså
Henrik Inthavong Finne
Marie G. Øijordsbakken
Kawintra Phikakan
Casper Paras Eikevåg
Ulrik Eikefet Vedal
Trygve Kopperud
Isabella Sture Larsen
Louisa Norstrand Rye
Oliver Vallestad
Annabell Straume Andersen
Even Hjelme Grasmø
Maxx Håkonshellen-Hansen

Landro kyrkje

Hedda Arentzen Heggøy
Evelina Simonnes Krossøy
Sanne Eriksson-Kvalvik
Aurora Linnea Moe Kårtveit
Marie Hamre
Ellinor Haugs Heggøy
Tomas Børstad
Gregory Kobere Kombwanga
Phillip Wietschorke
Christian Saisi Solvang

Blomvåg kyrkje

Magnus Bergesen Dåvøy
Frøya Oliveresen
Selma Vik Andreassen
Ådne Lorentz Halvorsen
Oskar Åsheim Rygg
Victor Hetlevik Fjeldstad
Elisabeth Sæle Heggøy
Mathea-Olivia Turøy-Ruskomäki

Hjelme kyrkje

Emre Alexander Isik Alvheim
Emine Savannah Bardhi

VIGDE

Kausland kyrkje

Charlotte Dale og
Ole-Fredrik Midttveit
Ingvild Bjørkum Åsmul og
Truls Johan Takvam

Fjell kyrkje

Karen Øvstegaard og
Stian Justad
Charlotte S. Engesæth
og Øyvind Pello

Foldnes kyrkje

Hege Bruvik Kristoffersen
og Ivar Gavlen

Landro kyrkje

Anette Arentzen-Hatlestad
og Daniel Heggøy

DØDE

Kausland kyrkje

Svein Olav Hopland f. 1969
Lars Sigfred Øvretveit f. 1942
Anne Lise Hammersland f. 1962
Ingrid Alice Telle f. 1931
Britt Elisabeth Toft f. 1954
Norvald Bjørn Øvretveit f. 1953
Helge Kalve f. 1952

Sund kyrkje

Kristin Forland f. 1982
Arna Nepstad Børnes f. 1947
Solfrid Vardøy Vorland f. 1940
Margot Opseth f. 1933
Björg Kjellaug Auestad f. 1934

Fjell kyrkje

Torstein Hystad f. 1956
Trond Nesse f. 1966
Rune Skjoldheim f. 1949
Edith Gudrun Kolltveit f. 1932
Magne Ove Sekkingstad f. 1945

Henning Landro f. 1964
 Øyvind Haugland f. 1948
 Elin Margrethe Lyngmo f. 1950
 Lena Horgen Egeland f. 1987
 Leiv Jan Wågen f. 1951
 Asbjørn Kåre Tofterå f. 1957
 Lorence Nesse f. 1935
 Tom Harald Matre f. 1945
 Liv Heidi G. Söderberg f. 1973

Foldnes kyrkje

Martin Olaf Strandheim f. 1932
 Raymond Bjelland f. 1968
 Eva Ludvigsen Gundersen f. 1955
 Britt Sandved Baardsen f. 1946
 Turid Astrid Kaland f. 1942
 Birger Nesse f. 1933
 Else Marie Foldnes f. 1933
 Thorolf Martin Lie f. 1944
 Irene Landsvik f. 1951
 Alfred Torleif Kleppe f. 1937
 Ellinor Roseth f. 1947
 Asbjørn Magne Garlid f. 1939
 Jarl Sigmund Lindgren f. 1943
 Mona Kvalheim f. 1969

Landro kyrkje

Oddny Veiberg f. 1955
 Jan Ove Urheim f. 1964
 Petra Johanne Sæle f. 1947
 Julian Mjømen Nødtvedt f. 2025
 Bjørn Gullerud f. 1951
 Rune Landro f. 1957
 Einar Gunnar Landro f. 1940
 Gjertrud Ågotnes f. 1940
 Asle Solsvik f. 1982
 Judith Lilly Eide f. 1936
 Else Landro f. 1939

Blomvåg kyrkje

Rune Wollertsen f. 1960
 Solfrid Hagen f. 1961
 Otto Kristoffer Oen f. 1937
 Hjørdis Sigrun Vik f. 1947
 Siren Jensen Malmedal f. 1964
 Signe Ingrid Sæle f. 1930
 Reidar Birger Rong f. 1935

Hjelme kyrkje

Oskar Dåvøy f. 1937



Hjarterom – ein stad å høyra til

I ein travel kvardag treng me alle ein stad å senka skuldrene. Ein stad der det er rom for både alvor og latter.

Tekst og foto: Yngvild Mørner Sørheim

Hjarterom er akkurat det, ein varm møteplass der ein kan samlast til livsnære samtalar, kaffi, te, vaflar og gode møte mellom menneske. Her er det ingen krav eller forventningar. Det handlar om å møtast, bli litt betre kjende med kvarandre og dela liv, tankar og erfaringar. Kanskje finn ein nye vennskap gjennom ein god prat over ein kopp kaffi eller te.

Ein onsdag i april hadde Hjarterom besøk av Jan Helge Lie som delte frå livet sitt. Han fortalte om oppveksten på Lie, om den kristne trua i familien, og korleis han og kona valde å føra denne vidare då dei sjølve fekk barn. Han løfta fram kor viktig TenSing-koret var for han i ungdomstida, og korleis det var med på å forma han. Studietida og TenSing-tur til Tyskland stod også fram som minner han set stor pris på.

Hjarterom starta opp i haust, og vert drive av Harald Fylling i samarbeid med diakoniarbeidar Renate Olsen Seim. Her blir det servert vaflar, ein har gode samtalar og eit fint fellesskap. Og for dei som ønskjer det, blir samlinga avslutta med ei stille stund og bønn inne i kyrkjerommet.

Velkomen til Hjarterom, ein stad å vera, akkurat slik du er, annankvar onsdag kl. 10.45-12.30 i Fjell kyrkjelydssal.

KVA SKJER?

Barn og unge i Hjelme og Blomvåg sokn

LEIR PÅ SKJERGARDSHEIMEN

29.-31. mai: Ungdomsleir
8.-10. klasse

3. oktober:
1. klasse leirdag
4. oktober:
2. klasse leirdag

Påmelding:
kyrkja.no/hjelmeogblomvag/leir

REFUEL

29. mai
12. juni
4. september
18. september
2. oktober
16. oktober
30. oktober
13. november
27. november

Rong senter
kl. 19.30–22.00

KRIK

22. mai
5. juni
28. august
11. september
25. september
23. oktober
6. november
20. november

Hjeltefjorden arena
kl. 19.30–21.30

Barne- og tweens- program i Sund kyrkjelyd

Stjernekorset

kl. 17.30–18.30
i Sund kyrkje

19. mai
1. september
15. september
29. september
13. oktober
27. oktober
10. november
24. november
8. desember

Myldredag

kl. 17–19 i Kausland
kyrkjelydshus

16. september
21. oktober
18. november
16. desember

Betweeneklubb

kl. 17.30–19.30
i Sund kyrkjekjellar
22. september
20. oktober
17. november
1. desember

Treffpunkt i Kausland kyrkjelydshus

FRITIDSKLUBB

Sund sokn har starta opp fritidsklubben Treffpunkt! Dette er ein klubb for deg som går i 6. klasse og oppover. Vi er i kyrkjelydshuset på Kausland ein fredag i månaden, og neste gong er **29. mai** kl. 19.00–22.30.

Her kan du som går i 6. klasse og oppover spele bordtennis, fotballspel, biljard, forskjellige brettspel og ha det kjekt saman med venner! Me sel kioskvarer som sjokolade, snop, chips, dipp og brus. Me tek Vipps og kontantar.

Velkommen til Treffpunkt!

Strålande start for barnekoret

Barnekoret i Fjell kyrkje har fått ein svært god start på vårsemesteret.




Før samla rundt seks barn seg på øvingane, no møter om lag 20 songglade barn kvar gong! Under palmesøndagsgudstenesta var det 14 barn som song for heile kyrkjelyden. Dei deltok aktivt under gudstenesta ved å vere med på inngangsprosisjonen, synge fleire gonger under gudstenesta og dei fekk vere med i presten si preike.

Koret øver kvar tysdag kl. 17, og det store oppmøtet har skapt eit levande og inkluderande miljø der barna får synge, leike og vere saman. I tillegg til øvingane blir det arrangert felles middag ein gong i månaden, noko som styrkjer fellesskapet for både små og store.

Den gode oppslutninga gir eit solid grunnlag for vidare aktivitetar. Framover planlegg koret mellom anna å opptre på sjukeheimen og felleskonsert saman med andre barnekor.

Barnekryssord



Vannrett

1. Er verdens lønn
6. Retning
8. Fylt med luft
9. Fugl
10. Jentenavn
12. Levi Torsvik
13. To like
14. Skjenker
15. Else Iversen
16. Lever

Loddrett

2. Moster
3. Ikke noen gang
4. Jentenavn
5. Olav den Hellige
6. Jentenavn
7. Tore Grieg
8. Sted i Indonesia
11. Duskgrenn



**Bli med i trekninga av:
to barnemenyer og to medium
Whopper Cheese menyer
inkludert is til dessert på
Burger King Sartor storsenter!**

Send inn kryssord til:

Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume

Frist: 1. august

**Vinnar av Barnekryssord
i Himmel&hav nr. 1 – 2026:**
Frida B. Ekerhovd
frå Kolltveit

Namn.....

Adresse.....

.....



I februar var det «T9 Tårnagentdag» i Fjell kyrkje. Ein fin gjeng med tredjeklassingar utforska både kyrkjerommet, galleriet, kyrkjetårnet og gravplassen. Eit høgdepunkt var avslutninga, der «tårnagentane» fekk vist foreldra alt dei hadde lært. **T2-dagen** er ei påskevandring for heile familien langs turstien frå Foldnes kyrkje i retning Hjelteryggen. Gjennom ulike stasjonar lærer vi om kva som skjer i påskeveka, og dagen blir avslutta med kos, leik og prat i kyrkjelydssalen. **T5-dagen** har «Den gode gjetaren» som tema. Femåringane får på ulike måtar lære om sauen som gjekk seg bort og vart funnen att. Til slutt får kvar av dei ein fin kosesau og ei bok. **T13-dagen** i og ved Foldnes kyrkje er fylt av action, fellesskap, aktivitetar inne og ute, leik, musikk, refleksjon og deilig mat. I år hadde vi med oss veldig mange dyktige leiarar, både ungdomar og vaksne.

Invitasjon til T-dagar!

Påmelding og meir info:
kyrkja.no/t-dagen



T8

Pilegrim
Laurdag 28. august
frå Morland til Fjell



T4

T4 Kyrkjeboka mi og T6 Ranselbøn
Søndag 23. august i Fjell kyrkje
Søndag 6. sept. i Foldnes kyrkje og Landro kyrkje



T6



T11

På sporet
Laurdag 26. september
i Landro kyrkje



På sporet av noko større

Onsdag 8. april reiste ni ungdomar frå Foldnes til London.

Tekst og foto: Kristine Dale

Opplegget for turen heitte «På sporet av noko større», og saman med frivillig Leo Jung, og kyrkjelydsarbeidar Kristine Dale, brukte ungdomane dagane til å leite etter spor av Jesus i det urbane bylivet.

Reisa starta tidleg onsdag morgon, og vi landa i London til sol og 25 grader. Første stopp var lunsj på Kahaila kafé, som blir driven av ei lokal kyrkje. Resten av dagen gjekk med til klassisk turistliv, og vi avslutta med middag i ein foodcourt i ei stor, gammal kyrkje (Mercato Mayfair).

Dag to starta med morgonbøn i St. Anne's. Her deltok vi på tidebøn, tekstlesing og refleksjon, og ein engasjert prest gav oss ei omvising i kyrkja. Neste programpost var nattverd (eukaristi) i St. Paul's Cathedral. Det vart ei utruleg sterk og mektig oppleving for alle. Både morgonbøna og nattverden vart trekte fram som høgdepunkt av ungdomane.

Seinare på dagen såg vi Les Misérables, ein musikal fylt med «spor av noko større». Vi fekk høve til å reflektere over samanhengen mellom handlinga i musikalen og nåden Jesus viser oss.

Fredag besøkte vi sjømannskyrkja i London. Her fekk vi servert graut og vaflar, vi fekk høyre om arbeidet dei driv, og vi avslutta med ei fin stund med allsang.

Siste posten på programmet var Natural History Museum før vi starta på heimreisa.

Det vart ein kjempefin tur med ein flott gjeng ungdomar. Vi sender ein stor takk til Foldnes sokneråd og basargruppa som var med og støtta reisa.



Fin stemning på basar

Det var samla til fullt hus i Landro kyrkje då årets basar gjekk av stabelen. Barne- og tweenskoret hadde ei flott opning med song og musikk, og det var god stemning med både åresal, barnelotteri og eit freistande kakebord. Korjentene sørjde for å dele ut gevinstar til glade vinnarar. Inntektene frå basaren går i år til oppgradering av kyrkjelydssalen, ein viktig møteplass som vert brukt av store delar av kyrkjelyden gjennom året.



På konfirmantleir med tema «Elska»

Konfirmantane frå Fjell, Foldnes og Landro var i starten av mars samla til leir på Skjergardsheimen. Det vart nokre innhaldsrike dagar med både aktivitet og fellesskap. Konfirmantane fekk mellom anna prøve seg i kano, gjennom ei hinderløype, delta på quiz og skyte med luftgevær og luftpistol. Det var ein flott gjeng å vere på leir med, og stemninga var god heile vegen. Vi sat att med mange fine opplevingar og gode minne frå dagane saman.



Påskekveld i Blomvåg kyrkje

Ein kald marsvind feiar utanfor, men inne i Blomvåg kyrkje er det varmt av tente lys, musikk og menneske. Det luktar mat, rommet er fullt, og folk samlast denne onsdagskvelden for å setje Jesus i fokus. Temaet for kvelden var «Oppstandinga – augneblinken som forandra alt», der prest Espen Tveten leia samlinga og fekk formidla den viktige påskebodskapen – om eit håp som ikkje kan døy.

Song- og musikkinnslag bidrog til ei fin og stemningsfull tid saman. Fleire delte kva som er deira påkesalme, og kvifor denne salmen har fått ei spesiell tyding for dei. Det var mange sterke vitnesbyrd som gjorde inntrykk. Kvelden vart avslutta i god tradisjon, med sosialt samvær rundt eit stort tapasbord, der samtalar og fellesskap fekk halde fram.

Katrine Dale Olsen



God dugnadsånd 1

Dugnadsånden var på plass då Foldnes sokneråd inviterte til dugnad med risgraut til lunsj. 19 deltakarar fekk gjort mykje inne i og utanfor kyrkja denne laurdagen.



God dugnadsånd 2

Kyrkjetenar Jørgen Sangolt (t.h) fekk hjelp av frivillig Einar Solberg (t.v.) til å pusse sølvet i Sund kyrkje. Det er kjekt med gode frivillige som stiller opp!



Mange på formiddagstreff

Ein onsdag i månaden inviterer diakoniarbeidar Ellen Ebbesvik til formiddagstreff i Hjelme kyrkje. –Her samlast vi til ei kjekk stund med andakt, song, god mat og tid til prat, forteller ho.



Bak frå venstre: Aksel Vidar Herdlevær, Geir Arne Torsvik, Børge Aril Torsvik, Andreas Kårbø, Geir Olsen Rong, Steinar Kåre Dale. Framme frå venstre: Linda Eli Haugstad, Anne Sissel Oen, Tove Haugetun Husebø, Solfrid Rong, Grete Dale, Anne Grete Dale, Signe Norund Breivik Dale.

Markering av 50-årskonfirmantar

I slutten av april vart jubilarar som vart konfirmerte i Blomvåg kyrkje for 50 år sidan, inviterte til gudsteneste etterfølgd av samling på Husets Spiseri med buffet.

Basar i tre år = tradisjon!

For tredje år på rad vart det arrangert familiebasar den 1. mai til inntekt for barne- og ungdomsarbeidet i Hjelme og Blomvåg sokn. 180 personar møtte opp, deriblant over 50 barn. Mange flotte gevinstar vart fordelt. Det kom inn ca. 54 200 kr denne ettermiddagen, noko som er eit viktig bidrag til trusopplæringsarbeidet. Initiativtakarar er diakon Ellen Ebbesvik og Småprat-gruppa som møtast ein tysdag i månaden på kyrkjekontoret på Rong. Tre år betyr at dette er vorte ein tradisjon, så ved slutten av basaren kunne Ellen allereie invitere folk tilbake den 1. mai 2027!

Vi gir deg ro til å hedre den som har gått bort.



CH HEDER SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ

Sartorgården, 2. etg. over Meny, 5353 Straume
Tlf: 55 55 16 16 | solstrands.no | post@solstrands.no

Bergen & Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Mísje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Fjell-ly Fjell-ly Misjons- og konferansesenter AS

- Leir - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40 / 47 47 60 29
Fjell-ly AS, Møvikvn.193, 5357 FJELL
www.fjell-ly.no Epost: dagligleder@fjell-ly.no



Interflora Sund Senter Blomster

Opningstider
Mån.-ons. kl. 09-18, tors.-fred. kl. 09-20 og laurdag kl. 09-16

Vi er fagutdanna og utfører alt i binderi til fødsel, dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder - og elles det du måtte ønska. Vi har utkjøring av blommar kvar dag. Vi har gravstell.

Tlf.: 56 33 90 13



Din lokale elektriker!

Thunestvedt
Vestgar

Møllestykket 21
5360 Kolltveit
Tlf. 400 30 210
vestgarelektro.no
vestgar@thunestvedt.no

Annonserer i
Himmel&hav

Vil du synast for alle innbyggjarar i Øygarden kommune?

Bladet hamnar i alle postkasser i Øygarden, og det er 4 utgåver pr. år med eit opplag på ca. 15 000

Ved å annonsere i Himmel&hav får du gjort bedrifta di synleg i eit seriøst magasin til heile Øygarden.


Ta kontakt med oss for meir informasjon og prisar:
ys487@kyrkja.no

Asane

BEGRAVELSESBYRÅ

Døgnoopen vakttelefon
55 18 90 00

post@asanebegravelse.no
www.asanebegravelse.no



Omsorg ved livets slutt

Vi tar oppdrag i Øygarden og omegn, med god lokal kjennskap utan ekstra kostnad

Vi er her for deg



Tom-Arne Amundsen
Driftsleiar og
gravferdskonsulent



Marita Blom Samnøy
Gravferdskonsulent



Hilde Elin Systad Blom
Gravferdskonsulent



Johannes Blom
Gravferdskonsulent



Karina Blom Algerøy
Gravferdskonsulent



Anita Rørbakken
Gravferdskonsulent

I tillegg har vi våre flinke byråassistentar: Terje Børsheim, Magnus og Solfrid Eriksen, Irene Wallern, Geir Noremarmark, Olav Stokke



85.000 kr på vårmaknaden

I 15 år har det vore laga til ein årleg Vårmaknad i Kausland kyrkjelydshus. I år var han lagt til laurdag 21. mars. Som vanleg var det fullt hus, og dei fleste var komne i god tid før marknaden eigentleg skulle starta, slik at ein kunne sikra seg ein god plass. For å unngå at mange stiller seg i kø ved kaféen når marknaden opnar, har ein dei siste åra opna kaféen ei tid på førehand. For kaféen med gode kaker og lappar er populær.

Men på ein marknad som dette er dei to åresala viktig, for det gjeld å få inn mest mogleg pengar. Alle årene blei selde i begge omgangane, og mange fine gevinstar vart delte ut. Som vanleg var det nokre som vann fleire gonger medan andre ikkje vann i det heile. Som avslutning på marknaden vart dei 115 loddbøkene trekte.

Innimellom dette var det song- og musikkinnslag ved Ole Christian Ottestad og Kjell-Asle Børnes. Sistnemnde hadde òg ein andakt.

Elles var det høve til å kjøpe noko med seg heim, som t.d. diverse bakevarer og strikkevarer. Det var òg tombola, noko som fleire av dei unge prøvde seg på.

Til saman kom det altså inn om lag 85.000 kroner. Pengane skal fordelast på ein ungdomsklubb som held til i kyrkjelydshuset, ein minnelund som ein satsar på å få til, og elles til barnarbeidet i denne ytre delen av kyrkjelyden.

Olai Otterå

Nye ansikt i kyrkjene

Vi har fått nye tilsette i kyrkjene våre denne våren, og gleder oss til fellesskapet og samarbeidet som ligg framfor oss.



Kari Hop Fjæreide har blitt tilsett i stillinga som sokneprest i Foldnes sokn. Ho går rett ut i morspermisjon, og startar opp i stillinga i 2027. Vi ønskjer Kari og familien hennar alt godt for det komande året.



Solgunn Philippine Smith har takka ja til stillinga som ungdomsprest i Foldnes sokn. Der skal ho ha åndeleg og strategisk leiaransvar for ungdomsarbeidet. Ho trer til i stillinga i juni, med innsettingsgudsteneste 14. juni.



Ole Kristian Hamre har frå hausten vore prostiprest-vikar, no har han takka ja til fast stilling som prostiprest. Det blir vigslingsgudsteneste i Fjell kyrkje 21. juni.

Påsketweens

I forkant av påska hadde i tweensklubben i Fjell kyrkje ei skikkeleg fin samling fylt med latter, leik, samarbeid, marshmallows og spagettitårn-konkurrans, rebus, påskejakt og påskeegg ved fullført påskejakt.

Det var kjekt å sjå engasjerte og inkluderande tweensarar. Her vart både nye og gamle vener tekne godt imot. Saman fekk vi òg tid til å stoppe opp og reflektere litt over kva påska betyr, på ein måte som var både nær og relevant for alle. Til slutt kåra dei dyktige leiarane frå konfirmantkullet kveldens vinnerantrekk av alle dei flotte kostyma!

Vi sit att med mange gode minne og gler oss til neste gong vi samlast på Tweens! Klubben treffest ca. annankvar fredag kl. 19-21.





En natt med gaming og fellesskap

24.–25. april ble Foldnes kirke fylt med liv, latter og engasjement da ungdom i alderen 13–22 år samlet seg til et vellykket LAN-arrangement arrangert av KFUK-KFUM Øygarden.

Tekst: Sirianne A. Hellerud, daglig leder KFUK-KFUM Øygarden
Foto: KFUK-KFUM

Gjennom en hel natt fikk ungdommene oppleve ekte spillglede og sosialt fellesskap under vestLAN.

Kirken ble forvandlet til en levende gamingarena med PC-er, konsoller, VR-briller og arkadespill. Entusiasmen var stor, og det var noe for alle. Enten man foretrekker konkurransespill, samarbeidsopplevelser eller bare vil prøve noe nytt.

Kvelden bød også på spennende

konkurranser, der ungdommene kunne teste ferdighetene sine og vinne gamingrelaterte premier. Men kanskje enda viktigere enn resultatene var den gode stemningen som preget hele arrangementet. Her handlet det om å ha det gøy sammen, bygge relasjoner og dele en felles interesse.

Gjennom natten var det latter, fokus og ekte spillglede, og mange satte pris på muligheten til å være en del av et inkluderende

miljø der alle kunne føle seg velkommen.

For de som fikk smaken på mer, er det gode nyheter: Gamingtilbudet fortsetter hver mandag fra kl. 18.30 til 21.00 i Foldnes kirke. Dette er et tilbud for alle over 13 år, og en flott mulighet til å møtes jevnlig for spill, fellesskap og gode opplevelser.

Vi ser frem til mange flere kvelder fylt med energi, vennskap og gamingglede!



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE!

PINSEDAG 24. MAI

Kausland kyrkje kl. 11: Høgtids-gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd. Offer: Normisjon.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: misjonsprosjektet.

Foldnes kyrkje kl. 11: Høgtids-gudsteneste ved Harald Fylling, nattverd. Offer: NMS Thailand/DNI Jesu døtre.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, nattverd. Offer: Modum Bad.

Blomvåg kyrkje kl. 11: Song- og musikk-gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: kyrkjelydsarbeidet.

FREDAG 29. MAI

Foldnes kyrkje kl. 18: Livets Lys-gudsteneste, tilrettelagt for menneske med ulike funksjonsvariasjonar, ope for alle. Kveldsmat etterpå. Offer: Livets lys.

SØNDAG 31. MAI

Sund kyrkje kl. 11: Gudsteneste for alle, ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.

Fjell kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste med sommarfest, dåp og nattverd. Offer: søndagsskulen i Fjell.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste med dåp, nattverd og søndagsskule. Offer: ungdomsarbeidet.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp. Offer: misjonsprosjektet NMS.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste med dåp, nattverd, 50-årskonfirmantjubiläum og søndagsskule. Offer: kyrkjelydsarbeidet.

SØNDAG 7. JUNI

Kausland kyrkje kl. 11: Pilegrimsgudsteneste rundt kyrkja ved Lars Arne Vik, nattverd. Offer: Basecamp.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste med dåp og nattverd. Offer: NLA.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp, nattverd og søndagsskule. Offer: Norges KFUK-KFUM.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste med Indremisjonen, ved Morten Torsvik, nattverd og søndagsskule. Offer: Indremisjonsforbundet.

Rong kulturhus kl. 11: Gudsteneste i regi av INRI-kyrkja sitt 20-årsjubileum. Tale ved Arne Skagen. Aktivitetar for barn i etterkant.

SØNDAG 14. JUNI

Sund kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste med sommarfest, ved Ole Kristian Hamre, dåp og nattverd. Tofterøy-speidarane deltek. Grilling og leik etterpå. Offer: eige arbeid.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste med dåp og nattverd. Offer: MF.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste med sommarfest og innsetting av ny ungdomsprest. Ved Jan Tommy Fosse og Solgunn Philippine Smith, søndagsskule. Offer: Laget.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste med sommarfest, ved Morten Torsvik, dåp. Offer: MAF.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd.

SØNDAG 21. JUNI

Tyssøy kl. 11: Friluftsgudsteneste ved Ole Kristian Hamre, dåp. Offer: eige arbeid.

Fjell kyrkje kl. 17: Vigslingsgudsteneste ved biskop Ragnhild Jepsen og prost Jan Tommy Fosse. Ole Kristian Hamre blir vigsla til prest. Nattverd. Offer: eige arbeid.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes. Offer: Basecamp.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, nattverd. Offer: Laget.

Rambogen kl. 11: Friluftsgudsteneste ved Espen Tveten. Avgang frå Blomvåg kyrkje kl. 10.30.

SØNDAG 28. JUNI

Sund kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: Israelsmisjonen.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp og nattverd. Offer: Menneskeverd.

SØNDAG 5. JULI

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd.

Blomvåg kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Ole Kristian Hamre, dåp og nattverd.

SØNDAG 12. JULI

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes og Håkon Solum, dåp og nattverd.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Ole Kristian Hamre, dåp.

SØNDAG 19. JULI

Kausland kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Håkon Solum, dåp og nattverd.

SØNDAG 26. JULI

Sund kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Håkon Solum, dåp og nattverd.

SØNDAG 2. AUGUST

Kausland kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp og nattverd.

Hjelme gamle kyrkje kl. 11:
Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Mogeleg å gå kyrkjevegen fra nye Hjelme kyrkje kl. 10.00. Offer: Livets lys.

SØNDAG 9. AUGUST

Sund kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd.

Foldnes kyrkje kl. 11:

Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp og nattverd.

Blomvåg kyrkje kl. 11:

Gudsteneste ved Håkon Solum, dåp og nattverd. Offer: NLM.

SØNDAG 16. AUGUST

Kausland kyrkje kl. 11:

Gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste

ved Ole Kristian Hamre, dåp og nattverd.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: KRIK Øygarden

SØNDAG 23. AUGUST

Sund kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste skulestart, med dåp og nattverd. 1. klassingane er inviterte og får bok.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste med dåp og nattverd.

Foldnes kyrkje kl. 11:

Gudsteneste med nattverd.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste.

Blomvåg kyrkje kl. 11: Sprell levande gudsteneste. Ranselbøn for 1. klassingar, utdeling av bok til 4-åringar, dåp og nattverd. Offer: KRIK Øygarden



Dåp betyr at det er høve til å ha dåp. Vi tek atterhald om at det kan komme endringar i gudstenestelista, følg med på SKJERIKYRKJA.NO

Treng du nokon å snakke med?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.



22 40 00 40
soschat.no



Kontaktinfo

SOKNERÅDSLEIARAR

Sund sokneråd:

Arne Bakke, arne-bak@online.no

Fjell sokneråd:

Eigil Nødtvedt, netgil@online.no

Foldnes sokneråd:

Per Helge Refvik,
perhelgerefvik@msn.com

Landro sokneråd:

Tove Karin Lyngsmo Angeltveit,
tove.karin@outlook.com

Hjelme og Blomvåg sokneråd:

Erling Vik, erl-vik@online.no

FELLESRÅDSLEIAR

Gisle Kårbø Rong,
gislerong@hotmail.com

KYRKJEVERJE

Annlaug Børve, 473 04 530,
ab766@kyrkja.no

SJELESORG OG SAMTALE

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortalt oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse: 924 63 278

Seksjonsleiar diakoni

Bodil Lee Øksnes Espedah: 930 94 210

Sokneprest i Sund, Lars Arne Vik:
477 56 440

Diakon i Sund, Torunn N. Utvær:
922 34 648

Diakoniarbeidar i Fjell,
Renate Olsen Seim: 930 36 160

Sokneprest i Landro, Morten Torsvik:
909 37 169


Diakon i Landro, Synnøve Engelsen:
950 55 178

Sokneprest i Hjelme og Blomvåg,
Espen Tveten: 916 17 800

Diakoniarbeidar i Hjelme og Blomvåg/
Foldnes, Ellen Ebbesvik: 924 42 881

Du kan også lese
om kyrkja si
verksemd på:
kyrkja.no/oygarden

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



No er det 2012-kullet sin tur!

Velkommen til konfirmasjonstid i Øygarden. Dei framtidige konfirmantane har mykje å gle seg til!

I konfirmasjonstida får unge lære mykje spennande om seg sjølv, om tru, om Gud og den verda dei er ein del av. Dei kan også gle seg til å bli ein del av eit fellesskap. Høgdepunktet for konfirmasjonstida er konfirmasjonsdagen – ein skikkeleg festdag.



For påmelding og meir informasjon, gå inn på

kyrkja.no/oygarden/konfirmasjon



Dåp



Rom for ei ny byrjing

I dåpen får vi løftet om at Jesus er med oss alle dagar. Vi blir sameina med Kristus, og blir ein del av det store fellesskapet i kyrkja. Dåp skjer vanlegvis i ei søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding til dåp og dåpskurs gå inn på
kyrkja.no/oygarden/dap

